


Uteliggjar på Skorpo og hytte ved Mannsvatnet

23.08.2009



Firkanten markerer hyttetomta. Det er allereie bygd ei hytte på halvøya utanfor.

Forvaltningskomiteen skal handsama fleire saker frå Uskedalen i møtet sitt onsdag til veka. Ei av dei gjeld landingsplass på Skorpo og ei anna hytte ved Mannsvatnet.

Berit M. Dale, som bur på Stord, vil, hvis rådmannen si innstilling går igjennom, få dispensasjon frå arealføremålet fiskeområde i gjeldande kommunedelplan og plan- og bygningslovens forbod mot byggjing og deling i 100-metersbeltet.

Dermed får ho leggja ut uteliggjar/landingsplass. Rådmannen meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med offentlege og/eller allmenne interesser og at det er særlege grunnar for dispensasjon. Men før tiltaket vert sett i verk må det vera omsøkt og gjeve løyve etter plan- og bygningslova og/eller eventuelle særlover.

Uteliggjaren skal vera seks meter lang og 50 centimeter breid. Han blir liggjande i 100-metersbeltet og innanfor funksjonell strandsone.

Rådmannen skriv at tiltaket kan vera naudsynt for å betra tilkomst til og frå båt. Det er i eit eksisterande kaiområde og vil ikkje føra til auka privatisering eller ha negative konsekvensar for landskap og/eller naturmiljø.

Thomas Fjelland Eide ønskjer å byggja ei 65 kvadratmeter stor hytte ved Mannsvatnet. Rådmannen går inn for at komiteen skal gjeva dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan slik at hytta kan

omsøkjast og handsamast etter plan- og bygningslova. Han meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med offentlege og/eller allmenne interesser og at det er særlege grunnar for dispensasjon. Hytta blir ikkje liggande innanfor 100-metersbeltet eller funksjonell strandsone.

Men bygning og storleik må vurderast i høve til estetikk slik at denne høver til formål og stad og plassering må vurderast estetisk og i høve til terreng. Også her må det gjevast løyve etter plan- og bygningslova. Det er ikkje søkt om vatn og avløp og nabane har ikkje kome med merknader. Landbrukssetaten kan ikkje sjå at bygget vil skape vanskar for jord- eller skogbruk.

av Ola Matti Mathisen